



Siv. ing. Vidar Mjøs

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/335 - 20/9157

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
25.02.2020

## **Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 427/12 Fløholmen**

Tiltak: Småbåthamn  
Byggjestad: Gbnr: 427/12  
Tiltakshavar:  
Ansvarleg Siv.ing. Vidar Mjøs  
søklar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.12.2019 supplert 02.01.2020 og 24.01.2020.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. pbl § 19-1 og byggesaksforeskrifta (SAK10) § 5-4.

Kommunen viser til brev sendt 12.12.2019 – trong for tilleggsdokumentasjon, der følgjande ble etterspurt:

1. Grunngeving for søknader om dispensasjon.
2. Dokumentasjon for nabovarsling av søknad om dispensasjon, samt eventuelle merknader frå nabo og dykkar kommentar til merknadene.
3. Målsett kart som viser plassering av tiltaket og avviket i høve byggegrense.

Når det gjeldt grunngeving for søknader om dispensasjon, kan kommunen ikkje sjå at dette er lagt ved i brev frå deg datert 17.12.2019. I brevet blir det sagt at «problemets kjerne er såleis byggjegransene i kommuneplankartet revidert 2019». Kommunen vurderer dette som kommentarar til vedtatt kommuneplan, og ikkje ein

grunngeving for omsøkte dispensasjonar; byggegrense i sjø og plankrav i kommunedelplan for Radøy.

Vidare er det bedt om dokumentasjon for nabovarsling av søknad om dispensasjon. I brev datert 02.01.2020 skriv du at: «Anita og Beate Myking vert no varsla om dispensasjonsspørsmålet med kopi av dette brevet».

Krav om nabovarsling følger av pbl § 21-3, jf.byggesaksforeskrifta (SAK10) § 5-2. I rettleiing til byggesaksforeskrifta (SAK) § 5-2 andre ledd er det presisert at nabovarselet skal gi en dekkande beskriving av tiltaket; kva som skal oppførast og kor det skal oppførast. Det er og eit krav at målsatt situasjonskart og snitt-fasadeteikningar skal vedleggast sjølvse varselet. Vidare er det sagt at «det skal fremgå om tiltaket krever dispensasjon frå plan- og bygningsloven» ... «og begrunnelse for dispensasjonssøknaden».

Til slutt må det dokumenterast kva for opplysningar som er gjeve i nabovarselet, samt kvittering for utsendt nabovarsel.

Kommunen kan ikkje sjå at dette er lagt ved i brev 17.12.2019, 02.01.2020 eller 24.01.2020. Det er ikkje nok at ansvarleg søker skriver i e-post datert 24.01.2020 at det ikkje er motteke nye konkrete merknadar.

Link til skjema for nabovarsel:

[https://dibk.no/globalassets/blanketter\\_utfyllbare/alle-blanketter/5154n-nabovarsel.pdf](https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5154n-nabovarsel.pdf)

Opplysningar i gitt nabovarsel:

[https://dibk.no/globalassets/blanketter\\_utfyllbare/alle-blanketter/5155n-opplysningar-gjeve-i-nabovarsel.pdf](https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5155n-opplysningar-gjeve-i-nabovarsel.pdf)

Kvittering for nabovarsel:

[https://dibk.no/globalassets/blanketter\\_utfyllbare/alle-blanketter/5156n-kvittering-for-nabovarsel.pdf](https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5156n-kvittering-for-nabovarsel.pdf)

I siste punkt 3, ble det bedt om målsett kart der plassering av tiltaket og avviket i høve byggegrense framgår. Det er berre sendt inn eit kartutsnitt av omsøkt tiltak til kommunen, ikkje eit eige situasjonskart. Vidare krev kommunen at Alver kommune sitt kart blir brukt, enten frå Gilsline eller Norhordlandskart. Vedlagt følger situasjonskart i målestokk 1:500 som du kan bruke.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.03.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny

gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

sitkart\_427\_12\_ver2  
Situasjonskart

### **Mottakarar:**

Siv. ing. Vidar Mjøs